



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 21
Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 11.10.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	8262/10	020	FSK/FEL/VIST/ådh	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 08.10.10

Desse møtte: Hanne Hope, Rebekka I. Dalland, Elisabeth Ebbesvik, Jøran Dalland, Aina H. Kjøndal, Amalie Helland, Andreas Langeland, Ida M. K. Lavik, Jostein Gjerstad og Veronika H. Kjøndal

Hanne opna med å ynskje velkommen til dei nye medlemene.

52. Nettverkskonferanse

Jostein orienterte om nettverkskonferansen 2-3 oktober

53. Konferanse i Drammen

Hanne informerte om "Sammen i Drammen" – rusførebyggande kurs 11-12 november. Det var fleire som uttrykte ynskje om å reise:

- Amalie
- Andreas
- Jøran
- Aina
- Elisabeth
- Rebekka

Me kjem tilbake til kven som reiser seinare (Veronika har sendt informasjon til dei nye medlemene)

54. LAN i Vonheim 13. -15. oktober

Hanne har fått svar på søknaden frå brannvesenet. (ein del som må ordnast før det er greitt med overnatting. Mellom anna branntekniske krav til sløkkemiddel og rømningsvegar, vaken nattevakt, internkontroll, etc.)

Spørsmål om me skal endra lokale til Tveit, Lunde eller Grendatun. Lunde mest aktuelt.

Problematisk å få vaksne vaktar? (Kor "vaksne" vil vaksne vaktar seie?)

Veronika kontaktar Lunde Ungdomslag

Tidspunkt: Fredag 22.10 – søndag 24.10?

Jostein og Andreas står som ansvarlig for innkjøp av nødvendig teknisk utstyr.

55. Ungdom og tilbakeflytting

Ein god del av medlemene i rådet var tilstades under møtet onsdag 6. i Vonheim. Positiv respons etter møtet. Dei to hovudsakene som kom opp var fritidstilbod og busstilbod.

56. Ungdommens klimapanel

Jostein, Jøran og Aina ynskjer å delta på møtet måndag 18.10. Ida er i tillegg med som arrangør frå UFU.

57. Sosialtur

Alle var positive til å arrangere ein sosialtur for å bli betre kjend. Det kom fleire forslag om kvar me kunne dra og kva me skulle gjere det. Dette vil me diskutera vidare på neste møte.

58. UR-samling i kråkerei

Både politisk og sosialt. Utveksla erfaringar og idear, og bli kjend med kvarandre. Me må få ordna alt med brannvesenet dersom me tar sikte på overnatting. Rådet fann ut at det ikkje er nødvendig å søkja om stønad, slik det først vart foreslått. Ida skaffar epost-adressa til kontaktpersonar for alle ungdomsråda i Sunnhordaland.

59. Bloggar til Bladet Tysnes sine nettsider

Ole Skaten ynskte ein bloggar frå ungdomsrådet til dei nye nettsidene til Bladet Tysnes. Amalie og Rebekka ynskjer å skriva. Veronika kontaktar Ole Skaten og informerer han om dette.

60. Aktiv Ungdom

Rådet diskuterte dei ulike tilboda Aktiv Ungdom har (spesielt demokratiprojektet) Hanne uttrykte ynskje om å reisa. Dette vil me kome tilbake til seinare, etter at Hanne har undersøkt litt nærare.

61. Fritidsklubb

Ynskje om fritidsklubb etter skuletid i Kråkerei.

Marcus Dalland har sagt seg positiv til å stilla som vakt. Hanne kontaktar Marcus for å dobbelsjekka. Men me treng eventuelt fleire vaktar.

Sak i Bladet Tysnes for å finne fleire vaktar?

Ynskje om å kjøpe kaffimaskin. Andreas undersøker dette nærmare.

Me ynskjer å setja fram Playstation etc, det er også internett her, så det vert moglegheit for å gjera lekser etc.

62. Innbrot og hærverk i klubben

Det har vore innbrot på lageret til ungdomsklubben. Ingenting vart stole.

Ei biljardkølle vart øydelagd sist klubbkveld. Rådet vurderer å melde saka, for å visa at me ikkje tolererer slikt. Hanne tek kontakt med Ungdomslaget for å finne ut kva me skal gjere vidare i saka (kven som skal stå for anmeldinga)

Me har og fått melding om dårlege matvarer/brus. Amalie tok ansvar for å sjekka datoen på varene etter denne episoden.

63. Leksehjelp

Er det krav om leksehjelp for elevar i alle aldrar? I dag er det leksehjelp for dei på småskulen i Uggdal. Ynskje om leksehjelp for elevar på ungd.- Skulen.

64. Ymse

- Endra opningstider i klubben for dei ulike aldersgruppene.
- Utvida til klubb annankvar veke

Neste møte blir fredag 15.10 kl 19.00.

Veronika Hestad Kjøndal
referent